



Knut Løkling med Fauna. (Foto: Fjordabladet)

## FJORDAMERR — 70 års gåve til Tyskland

Siste hausten kom Oskar-Hubert Demhardt og kone til Noreg for å velja seg ut den toårs-merra dei likte. Merra var ei gåve frå importør av Mercedes Bertel O. Steen <sup>As</sup>. Etter 2 — 3 dagar rundreise på Vestlandet bestemte dei seg for Fauna til Knut Løkling, Nordfjordeid. Løkling kjøpte merra som åringsmerr med Leiv Blakset. Mor er Rosa 2. premie og far er Rossar 1. premie.

Fam. Demhardt har ein del hestar frå før m.a. ein eldre vallak av fjordhestrase. Den vesle vallaken er faktisk sjef ute på beite. Han held kontroll med beitinga og tek seg av nye hestar som blir førde inn på beite.

Fauna var svært snill og tillitsfull og ho kom svært godt ut av det med fru Demhardt heilt frå første stund.

Det er ofte ein kan lure på om vi sender for gode dyr ut av landet, men på den andre sida er det berre gode dyr som er reklame for fjordhesten og spesielt for fjordhesten i Noreg.

J. H.